



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Nils Erling Yndesdal, 5764 3120

Motsegn til avgjerd – Ullensvang kommune, Vestland – detaljreguleringsplan for Plommevika

Vi sender med dette til avgjerd i Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) detaljreguleringsplanen for Plommevika (oppdrettsanlegg i fjell med deponi i sjø) i Ullensvang kommune. Bakgrunnen for oversendinga er at det ligg føre uløyst motsegn frå Statsforvaltaren i Vestland.

Planframlegget og planprosess

Saka gjeld framlegg om detaljreguleringsplan for gnr.336 bnr.45 mv. i Plommevika på Torsnes ved Hardangerfjorden i Ullensvang kommune. Torsnes ligg om lag seks kilometer sør for Jondal sentrum.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for å byggje eit landbasert oppdrettsanlegg i fjell med tilhøyrande kaianlegg, veganlegg og funksjonar som kontorbygg og lager til anlegget.

Det vart 22.01.2019 meldt oppstart av planarbeidet.

Planframlegget vart 19.10.2020 lagt ut på offentleg høyring.

Dialogmøtet mellom kommunen og Statsforvaltaren 04.02.2021 førte ikkje fram, og Statsforvaltaren fremja motsegn til planen 12.02.2021. Det vart gjennomført mekling 25.10.2021. Etter dette har kommunen sendt over tilleggsutgreiingar og oppdateringar av planen. I fråsegn datert 10.06.2022 opprettheldt Statsforvaltaren motsegna si.

Seinare sende kommunen over eit nytt planframlegg der den mest vesentlege endringa er at den store sjøfyllinga er teken ut. Planframlegget vart også supplert med nye utgreiingar. I seinare fråsegner (daterte 08.02.2023, 14.06.2023, 12.09.2024, 31.03.2025 og 30.09.2025) opprettheldt Statsforvaltaren tidlegare motsegn. Det vart også gjennomført ny mekling 25.10.2023.

I vedlegget «*Dialog med statsforvaltar ang motsegn*» har kommunen samla denne korrespondansen mellom kommunen og Statsforvaltaren.



Hovudpunkta i motsegna frå Statsforvaltaren

I samordna fråsegn med motsegn, datert 12.02.2021, fremja Statsforvaltaren motsegn til planframlegget med grunngjeving innan følgjande tema:

- I strid med overordna plan
- Strandsone langs sjø og vassdrag
- Samfunnstryggleik
- Naturmangfald
- Omsyn til viktige funksjonsområde for sjøaure og villaks
- Landskap
- Vassmiljøkvalitet og plastforureining
- Jordvern
- Manglande vurdering av alternativ etter konsekvensutgreiingsforskrifta

Etter denne fråsegna har det altså vore gjort endringar i planframlegget, Statsforvaltaren har kome med nye tilbakemeldingar og det har vore gjennomført to meklingar.

I den siste meklinga 25.10.2023 vart det semje om følgjande:

- *«Planforslaget fører til ei større mengde med overskotsmassar på om lag 750.000 m³. Kommunal- og distriktsdepartementet har særleg bedt Statsforvaltaren om å bidra til at massehandtering blir avklart i regionale og kommunale arealplanar. Plankvaliteten må difor styrkast, for å sikre dette omsynet. Masseforvaltninga må utgreiast betre og avklarast i plan. Det må gjerast greie for kvaliteten på overskotsmassane, om det er behov for prosessering av overskotsmassar, og det må også gjerast greie for kva føremål overskotsmassane er eigna til. Vidare må ev. behov for mellomlagring av massar, plassering, arealbehov og omfang gjerast greie for i planforslaget. Det må gjennomførast ei vurdering av konkrete prosjekt for mottak av massar. Føresegnene må ha rekkjefølgjekrav som sikrar at massehandteringa er avklart i plan før ein kan setje i verk tiltak innanfor planområdet.*
- *Det er ikkje gjort tilstrekkeleg greie for inntak og avlaup av vatn til sjø (volum m³) frå oppdrettsanlegget i planforslaget. Det er usikkerheit om resipienten, etter dagens kunnskapsgrunnlag, toler eit utslepp i den storleiken det er tale om her. I tillegg til dagens utslepp og løyve gitt til desse, er det søkt om fleire nye punktutslepp til fjordsystemet. Partane er samde om at tiltakshavar må utgreie og estimere behovet for bruk av vassressursar i oppdrettsanlegget. Det må òg gjerast tilstrekkeleg greie for miljøverknadene av planforslaget og avlaup til sjø av estimert mengde nærings salt. Det må setjast rekkjefølgjekrav i form av ei miljørammeføresegn, som sikrar at vassforskrifta sine krav ikkje vert overskridne som følgje av eventuelle tiltak i planområdet.*

Reguleringsplanen må endrast i samsvar med dei løysingane som er forhandla fram mellom Statsforvaltaren og Ullensvang kommune. Den endra planen må leggjast fram for Statsforvaltaren til vurdering og godkjenning av at statlege omsyn innanfor vårt medverknadsansvar i planen, er tilstrekkeleg tekne i vare».



Dialogen etter siste mekling

I den siste meklinga 25.10.2023 vart det altså avtalt oppfølgingspunkt.

Etter oversending av nye utgreiingar opprettheldt Statsforvaltaren i brev datert 12.09.2024 motsegna si. Statsforvaltaren peikte på manglar ved både handtering av utslepp til fjorden og handtering av dei store steinmassane.

Kommunen innhenta etter dette nye opplysningar knytt til massehandtering og utslepp til sjø, og dei bad om at motsegna vart trekt. Statsforvaltaren opprettheldt motsegna i brev av 31.03.2025. Statsforvaltaren vurderte at punkta det var semje om i meklinga ikkje var følgt opp tilfredsstillande. Det vart også vist til ny kunnskap om tilstanden i Hardangerfjorden som vart offentleggjort 27.03.2025; Årsrapporten for 2024 for det treårige overvåkingsprogrammet synte at miljøtilstanden i Hardangerfjorden ikkje når måla i vassdirektivet.

Etter at det kom meir informasjon og ny oppmoding frå kommunen om Statsforvaltaren kunne trekke motsegna, gav Statsforvaltaren i brev datert 30.09.2025 tilbakemelding om at motsegna stod ved lag. Statsforvaltaren oppsummerte dette slik:

«Statsforvaltaren i Vestland har vurdert forslaget til planendringar. Vi har framleis motsegn til detaljreguleringsplanen grunna manglar ved både vurdering av miljøverknader av utslepp til fjorden og masseforvaltninga. Vi ser at kommunen har arbeidd godt for å koma fram til ei løysing på handtering av dei store steinmassane, men vi har framleis spørsmål til denne delen av planen som gjeld masseforvaltning.»

Vedtaket i Ullensvang kommunestyre

Ullensvang kommunestyre gjorde i møte 18.03.2026 følgjande vedtak:

- I medhald av PBL § 12-12 vedtek Ullensvang kommunestyre Detaljreguleringsplan for Plommevika - Oppdrettsanlegg i fjell med deponi i sjø - PlanID 4618-12272018001 med følgjande justeringar:*
- Føresegner 3.6. endrast til: Bygningar skal prosjekterast og utførast med radonførebyggjande tiltak slik at innstrauming av radon frå grunnen vert avgrensa. Radonskonsentrasjonen i inneluft skal ikkje overstige 200 Bq/m³. (Ta vekk referanse til TEK10)*
 - Føresegner 3.7 tredje ledd endrast til: Det skal sikrast tilgang til sløkkjevatn (hydrantar/brannkum) i området. Veganlegg skal byggjast ut i tråd med reguleringskart. Straum, fiber og kablar skal leggjast i jord og i størst mogleg grad samordnast med andre tekniske anlegg. (Ta vekk referanser til gjeldande norm/forskrift)*
 - Føresegner 4.1.4 tredje ledd endrast til: Det er krav til ein parkeringsplass pr. fjerde båt plass. 10% av parkeringsplassane og minimum ein skal vera tilpassa rørslehemma. Det er krav om like mange sykkelparkeringar som parkeringsplassar. (Sikrar minimum ein UU-parkering og tilstrekkeleg sykkelparkering)*
 - Føresegner 4.1.5 andre ledd to siste setningar endrast til: Det er krav til ein parkeringsplass pr. 50 m² BRA, 10% og minimum ein av parkeringsplassane skal vera tilpassa rørslehemma. Det er krav om 1 sykkelparkering pr. 50 m² BRA*



- *Føresegner 4.1.6 tredje ledd, to siste setningar endrast til: Det er krav til ein parkeringsplass pr. 250 m2 BRA, 10% og minimum ein av parkeringsplassane skal vera tilpassa rørslehemma. Det er krav om 1 sykkelparkering pr. 250 m2 BRA*

I tråd med PBL §§ 5-6 og 12-13 sender Ullensvang kommunestyre Detaljreguleringsplan for Plommevika - Oppdrettsanlegg i fjell med deponi i sjø - PlanID 4618-12272018001 med Statforvaltar si motsegn til Statsforvaltar for oversending til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) for endeleg avgjerd. Kommunestyret sitt vedtak er ikkje rettskraftig før KDD har fatta endeleg avgjerd.

Ullensvang kommune sende 07.04.2026 over planen til Statsforvaltaren for vidaresending til KDD.

Tilhøvet til overordna plan, andre planar og anna lovverk

Gjeldande plan for området er arealdelen til tidlegare Jondal kommune. Denne planen vart vedteken 19.12.2012. Området er i arealdelen avsett til LNF-føremål på land og kombinerte føremål i sjø.

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, stadfesta av departementet 20.03.2020, legg føringar for framtidig arealbruk som skal utdjupast vidare i juridisk bindande kommunale planar. I den regionale planen er det ikkje sett av nye areal for akvakultur på land.

Rammene i forureiningslova, vassforskrifta og naturmangfaldlova krev at påverknaden må vere innanfor det miljøet toler. Etter akvakulturlova kan det, dersom søknaden er i tråd med plan, og elles under visse føresetnader, gjevast konsesjon for akvakultur.

Fråsegn frå Vestland fylkeskommune

Fylkeskommunen har i brev 30.11.2020 gitt fråsegn til planframlegget. Fylkeskommunen hadde merknader til planframlegget som gjeld landskap og strandsone, naturverdiar, klima og energi, friluftsliv, akvakultur, samferdsle og kulturmiljø og kulturminne, og nokre planfaglege merknader.

Ny kunnskap sidan høyringa av planframlegget og siste mekling

Nye overvaksingsdata for Hardangerfjorden viser ei negativ utvikling over tid som har kome så langt at det ikkje er mogleg å nå miljømåla i vassforskrifta. I informasjon på nettsida og i brev frå Statsforvaltaren 26.03.2026 vart det konkludert med avslag på ni søknader om utslepp etter forureiningslova for søknader om akvakultur i Hardangerfjordområdet: [Hardangerfjorden toler ikkje meir | Statsforvaltaren i Vestland](#)

Statsforvaltaren har per 26.03.2026 konkludert slik:

- *«søknader om ny eller auka produksjon i akvakultur i Hardangerfjorden som vi har til behandling i april 2026 får avslag*
- *eventuell ny teknologi som kan redusere utslepp kan vurderast innanfor eksisterande produksjonsrammer for både anlegg på land (årleg utsleppsmengde/årleg produksjon) og i sjøen (lokalitets MTB). Men, vi kan ikkje auke den samla belastninga til Hardangerfjorden.»*

Dette er ny informasjon.



Vurdering av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Statsforvaltaren har tidlegare (sist i fråsegner 12.09.2024, 31.03.2025 og 30.09.2025) peikt på at det ikkje er gjort ei tilstrekkeleg vurdering av prinsippa som går fram av naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7, og konsekvensutgreiingsforskrifta §§ 21 og 23. Det er difor heller ikkje gjennomført ei tilstrekkeleg planavklaring av vassressurslova § 12.

Vi kan ikkje sjå at kommunen i ettertid og ved handsaminga av planen i kommunestyret har følgd opp desse påpeikte manglane.

Kommunen har verken i saksutgreiinga eller i andre dokument som ligg ved saka, etter det vi kan sjå, gjort vurderingar av prinsippa etter naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7.

Statsforvaltaren gir her ein kort gjennomgang av naturmangfaldlova § 8-12:

§ 8 («kunnskapsgrunnlaget»)

Vi vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilfredsstillande til at vi kan gje ei tilråding om å ta motsegna til følgje, men som det går fram elles så meiner vi at det er manglar i kunnskapsgrunnlaget for å kunne godkjenne planen.

§ 9 («føre-var-prinsippet»)

Føre-var-prinsippa i § 9 i naturmangfaldlova vil vere relevante dersom det skulle vere aktuelt å vurdere positivt vedtak av planen. Vi meiner at det er godt nok dokumentert at ytterlegare belastning på Hardangerfjordsystemet vil gjere at miljømåla i vassforskrifta ikkje vert nådd.

§ 10 («økosystemtilnærming og samlet belastning»)

Det sentrale i saka er at utslepp av næringssalt frå det planlagde anlegget vil forsterke den samla miljøbelastninga i fjordsystemet. Vidare er det framleis ei uvisse om formalitetane knytt til handteringa av dei store overskotsmassane, og det er ikkje synleggjort godt nok konsekvensane ved handteringa av desse massane.

§ 11 («kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver») og § 12 («miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder»)

Det er utarbeidd fleire rapportar og gjort nye utgreiingar som del av konsekvensutgreiinga. Vidare er planane skalert ned sidan den offentleg høyringa. Dette gjeld spesielt at den store sjøutfyllinga i Plommevika er teken ut.

Det har ikkje kome fram at det er mogleg å gjere ytterlegare avbøtande tiltak for å kome det vesentlege av motsegna i møte.



Samla vurdering og tilråding frå Statsforvaltaren

Statsforvaltaren legg vekt på at planframlegget har mangelfull avklaring av massehandtering og manglar i vurderingar av utslepp til sjø. Dei siste overvakingsdata for Hardangerfjorden underbygg tidlegare vurderingar om at det er vesentleg at den samla forureiningsbelastninga på fjordsystemet ikkje vert auka.

Vi viser elles til innhaldet i motsegna frå Statsforvaltaren og seinare meklingar og tilbakemeldingar.

Eit slikt stort oppdrettsanlegg vil kunne vere viktig for matproduksjon, mattryggleik, kommunale skatteinntekter og arbeidsplassar. Det vil også vere ein fordel at anlegget kan kopløst på fjellanlegget til Torsnes kraftverk. Kommunen ønskjer sterkt ei slik etablering.

Vi kan likevel ikkje sjå at dei samfunnsmessige fordelane for kommunen og næringa vil kunne forsvare så store konflikter med nasjonale interesser. Eit oppdrettsanlegg i Plommevika som planlagt vil ytterlegare forverre miljøtilstanden i Hardangerfjord-systemet slik at miljømåla etter vassforskrifta ikkje kan oppnåast.

Statsforvaltaren tilrår at motsegna vert teken til følge, og at detaljreguleringsplanen for Plommevika såleis ikkje vert godkjend.

Med helsing

Liv Signe Navarsete
statsforvaltar i Vestland

Nils Erling Yndesdal
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Fiskeridirektoratet

Postboks 7900
Postboks 185 Sentrum

5020 BERGEN
5804 BERGEN